



— Lagsblad —

Nr. 3.

Mars 1920.

3. aaret.

LIVET.

Vaart vesle liv byrjar i vogga og endar i kista. Det varer ei stund, so paa lag 60—70 aar — ofte ikkje so lenge. Det gror fram paa ein grunn som me ingen kjennskap hev til, og det gaar attende til ein stad som ikkje noko menneskje eig full kunnskap um. Or det ævelege stig det fram — syner seg ei tid, og kverv so atter burt i det ævelege. Som himmelkvelven femner yver alle heim-sens klotar, soleis femner æva um vaart menneskeliv.

Og det store heimslivet som vaart vesle liv ligg so nær, kann me likna med ei stor elv, som me sigler fram paa. Men kvar maa styra sin eigen baat. Me kann ta straumdraget til hjelp, er so me er sterke nok til det, og me kann daa forare naa fram til maalet. Men er me for veike so kvervlar straumen oss rundt, og me vert dregne under. Livet har òg eit slikt drag av tusund krefter. Dei dreg paa oss, men alle i ymiss leid. Evlar me kraftene, sigrar me og vert herrar; evlar me dei ikkje, fell me og vert aan-delege kryplingar. Og livet er rikt — rikt baade paa vondt og godt. Det syner mange andlet. Snart er det lett, snart tungt, snart mangfløkt, snart einfelt og

klaart. Sume tykkjest sjaa alt som ein ser botnen i ei klar kjelda. For andre er det døkt og løynt som svartdjupe i stillaste fjord.

Ein møter livet i mange skap. Ein møter det som kraft, som daad, som verson, som vonbrot, som varme og godleik.

Livet er til aa finna alle stader; alle tider i verksemd i skiftande former.

Men læra aa kjenna det kann me aldri til fullnads fyrr me sjølv hev livt det.

Sparsemd.

Det ser ut til at sparsemd hev mist all interesse i vaar tid. Sorglaust rullar pengarne utan umtanke korleis eller kva dei brukast til, utan minste tanke paa framtidi. Lett renn pengarne inn, men mykje lettare renn dei ut. Sløsingi er vorten ein faare, og den grip um seg i alle samfundslag, øyder det økonomiske sjølvstende, gjer karakteren veikare og skiplar lukka. Diverre tek ogso bonde-ungdomen, serleg i byarne, sin store lut i denne øydsla. Hjaa desse skulde ein venta eit sunnare vit paa kva sparsemd hev aa segja. Jamt yver er dei fraa barnsbein oppvaksne under harde økonomiske vilkor, og hev truleg livt paa svulteløn mange aar i byen fyrr dei kom

ovanpaa. Men trass i dette syner mange bondeungdomar ei raaflott pengeøydsla, sosnart dei fer noko millom henderne. Njotesykja som vaar tid fører med seg hev ogso smitta ein stor part av bondeungdomen, og ein kan lett skyna, at dette maa verka skadeleg sovel moralsk som økonomisk. Her bør ropast eit varsku, og kunde Bondeungdomslaget paa nokon maate hjelpa til aa vekkja sparesansen att, vilde det gjort eit godt arbeid for bondeungdomen. Denne maa faa augo upp for at sparsemd gjev karakterstyrkje, at han gjennom sparsemd byggjer si framtid økonomisk for seg og sine, og at heile landet si velferd mykje kviler paa den einskilde sin maate aa styra pengarne paa.

Det er ikkje tanken med desse ordi aa mana til gjerugskap i noko form; ein ungdom med sunnt umgrep vil sjølv finna dei rette grensor her. Men me meiner, at den gode jamne sparsemd atter maa verta ei sak som ungdomer kvar for seg og i samla fylking legg seg paa hjarta.

R ø y k.

Som du veit, gode bladstyrar, so hev eg alltid vore ein hatar av denne kulturplanta som kallast tobak. Ja, ikkje nett i sjølve planta, for ho høyrer daa med til Guds skaparverk, og han hev visseleg havt ei god meining med ho . . . Men det er det eg ikkje kann faa meg til aa skyna, bladstyrar, at det er rett, naturlegt og etter skaparen si meining, at folk skal sitja og suga paa ei snadda eller liknande røykjestell. Daa eg alltid hev lika best det som ter seg naturlegt, vert eg i ulag naar eg føler og ser noko som strider imot naturlovarne.

Det som me i dagleg tale kallar munnen eller kjeften, er visseleg ifraa upp-

havet tillaga for at me skal gapa, bita og eta med han som andre jordiske skapningar. Eg kann aldri faa meg til aa skyna anna, enn at det er imot skaparen sin vilje, naar folk brukar dette same „apparat“ til „røykstova“. Likevel ser ein baade dei som er Guds tenarar og andre sitja med røykestellet i munnen. Syg, smattar, sputtar, bles og lagar giftig røyk som me andre armingarne, ofte imot vaar vilje, maa suga i oss.

Her i Bondeungdomslaget hev me og diverre mange som missbrukar munnen sin paa dette vis. Paa festar og leikemøte kann ein jamt sjaa karfolk som ikkje kann halda seg, men lyt fram med pipa, sigaren eller sigaretten. Som oftast held dei seg paa gangarne, men det hender og av og til at dei røykjer inne i salarne.

Eg veit at ungdomslag hev forbode røykjing i husi sine, og eg hev ofte tenkt paa, um det ikkje burde gjerast her hjaa oss og. Ein vil kanskje segja at det skader ikkje so mykje; men det kann godt henda at det hev større faare enn me haattar paa.

Dei som røykjer fær trong til aa sputta, og eg hev røynsla for at dei ikkje alltid raakar sputtekjeraldet — men golvet. Det same golvet som me dansar og leikar paa. Dette sputtet kann innehalda sjukdomsspira (dødsspira), som ein lett kann suga i seg med dumba av dansen.

Var det ikkje sikraste, at me verna oss mot sovore ved aa gjera Bondeungdomslaget røykfritt? A.

Det norske teatret og husleigenemndi i Oslo.

Stavanger maallag og Bondeungdomslaget hev sendt dette skrivet til Kristiania formannskap:

„Stavanger maallag og Bondeungdomslaget i Stavanger vil paa det sterkaste klandra at Kristiania husleigenemnd hev hindra Det norske teatret i aa byggja eige hus. Det norske teatret er eit landstiltak, og ut over heile landet ventar folk paa, at det fær upp sitt eige teater i hovudstaden utan meir motstand fraa offentleg styre.“

Ordbøker.

Du bladstyrar, eg kann ikkje minnast, at eg nokor tid hev teke doktorgraden i norsk maalkunna. Og du fær orsaka, at eg ender og daa gjer leide filologiske synder.

Eg vil fyrst nemna, at maalføri mange stader her i Rogaland er so sterkt blanda med tyske og tysk-danske ordformer og ordlag, at ein byfødd gut eller ei byfødd gjenta med god maalkjensla gjerne kann øva seg upp til aa skriva betre norsk enn ei landsfødd, som hev ringt maaløyra. Maalføre er det norske ordet for det framande dialekt. No tarv De ikkje tru, at eg plent vil kverkja maalføri. Tvertum; eg meiner, me vil alltid koma til aa ha ein heil hop med ymse ulike maalføre her i Norig. Eg striddest ein gong ein grand med ein kjend norskmaals-bladstyrar um maalføri. Han heldt fram, at dei ymse maalføri vilde med tidi koma heilt burt. Eg meinte, at dei vilde koma til aa halde seg heller lenge livande hjaa folket vaart. Og det meiner eg enno.

Ein kann sume tider høyra, at ein og annan kjærer yver, at sume skriv mindre god norsk. Me skal slett ikkje undrast paa, at mange skriv laak norsk, naar me veit at me i lange tider ikkje nytta noko norskt skriftmaal. Eg kjem til aa minnast tvo djerve karar, som ein gong førde ein heller kvass pennekrig, um *kven av dei tvo*, som skreiv lytelaus norsk. No trur eg ikkje, at nokon av desse tvo hadde teke doktorgraden i filologi. Um dei var mogne til aa taka doktorgraden i maalkunna, veit eg ikkje. Eg tvilar stygt paa det.

Det kann gjerne ikkje vera so beintfram aa skriva fullgod norsk. Men ein fær læra krabba, so lærer ein vel og ein gong aa gaa. Men skal ein kunna krabba skikkeleg frametter maalvegen, maa ein ha mykje rettleiding. Og i gode ordbøker finn ein ikkje so lite god og rimeleg rettleiding. Præpositionane eller styreordi er i alle maal dei vandaste aa bruka rett; og mange gjer ofte leide

mistak med dei ordi. Det er ikkje gildt aa sjaa, at sume brukar *for* i staden for *til* i norsk. Dersom ein er meint paa aa taka til aa lesa framand maal nokon tid, er det greidt, at ein fyrst og fremst maa kunna mest mogelegt av sitt eige morsmaal.

Det hev jamt undra meg ein grand, at Steinar Schjøtt si dansk-norske ordbok ikkje er aa finna i boksamlingi til Bondeungdomslaget. Den nemnde ordboki er vel den mest fullkomne som finst av sitt slag. Og det var visst ikkje for mykje, um dei som styrer med B.u.l. freista laga det slik, at lagsfolk kunde faa høve til aa laana denne ordboki. Han som hadde stræva med aa faa ihop boki, er gjengen til den lange kvile. Og B.u.l. kann godt gjera han so mykje æra, at dansk-norsk ordboki hans vert aa finna i laget si boksamling. Dei fleste av oss er visst ikkje større karane enn me ofte tarv glytta ein grand i ordbok.

Sjølv hev eg stor vyrndad for vaare fyrste grunnleggjarar, Aasen, Ross og Vidsteen. Men eg hev endaa større vyrndad for Steinar Schjøtt og hans norskdoms-arbeid. Difor held eg sterkt fram, at Schjøtt si dansk-norsk ordbok er sers god i vaar tid, meddi ho gjev umsetjing av so mange nyare ord — tekniske ord, um ein vil kalla dei det. Her skriv eg berre um den eine ordboki til Schjøtt, daa eg meiner at denne er den gildaste aa nytta, naar ein vil øva seg i norskt maal. Det er ikkje lenge sidan dosent Olav Midttun sa um ordboki til Schjøtt: „Di meir eg har nytta ho, di større vyrndad har eg faatt for bokmeisteren og hans filologiske dugleik og det yversynet had hadde yver norsk maal.“

Ingen maa tru, at eg skriv dette for aa skrema burt dei som skriv mindre god norsk. Nei daa, ein skal ikkje kjæra for mykje paa maalføringi til dei som hev vilje til aa skriva norsk.

Severin Vik.

Bondeungdomslaget

kann i september komande høgtida 20-aarsdagen. Etter vedtak i styremøte den 19/3 skal ein prøva faa til eit festskrift til høgtidsdagen („Lagsbladet“ i utvida form). Her vil ein i stutte drag gjeva eit yversyn yver verksemda til laget gjennom desse 20 aar, og freista faa med bilæte av formenner, styrer og andre som hev stande fremst i rekkja, likeeins anna bilæstof som høver.

Til aa stella med skriftet hev styret peika ut *Kr. Bærheim, Anders Løvik, Korn. Trodal og O. A. Vestbø.*

Norsk marknad 1920.

Til hausten, truleg i oktober maanad, skal laget atter skipa til ein norsk marknad. Den siste me hadde var i 1918. Styret hev gjort framlegg um desse til marknadsnemnd: Ola Vetrhus, Leidulf Eide, Alfred Løvvik, Anders Løvik, L. Vinje, A. Slagstad, Sigurd Ness, O. Bergsvik, Jul. Sømme, A. Boganæs, Kari Arnestad, Marta Haraldstveit, Eldbjørg Mjaanes, Gurina Nordbø, Agnes Olsen, Berta Tveteraa og Gudrun Saltvold.

Me trur denne nemnd er samansett av ihuga, arbeidslystne lagsfolk, som vil prøva gjera marknaden so god som raad er, baade aandeleg og økonomisk. Men ein slik marknad krev mykje arbeid, ikkje berre av nemndi, men av alle lagsfolk, daa programmet i fyrste rekkja lyt kvila paa egne krefter. Fyrst og fremst spellaget, men og songarlagi og leikeringen. Til utluting vert mange gilde og nyttige ting. Utanum dei større vinstar vil saumarlaget truleg koma med mange vene ting, daa dei sovidt me skynar har arbeidt og arbeidar trottugt med marknaden for augo.

Nemndi hev tenkt aa faa lutsalet igang snarast raad er.

Premitevling um spelstykke paa norsk.

Som nemnt i fyrr nr. hev styret dryfta spursmaalet um, at laget skulde setja igong ei premitevling um spelstykke. I

siste styremøte vart vedteke aa tilraada laget aa yta det naudturvelege til dette fyremaal, og nemndi H. V. Aurdal og Andr. Maaland fekk i oppdrag aa fyrebu arbeidet. Tevlingi skal gjelda for heile landet og premiarna er sett soleis: 1ste premi kr. 1000, 2dre premi kr. 500 og 3dje premi kr. 300. Desutan tek ein seg undan rett til etter nærmare avtale aa kjøpa inn gode stykke som ikkje fær premi. Vidare tek ein seg rett til aa halda att 1ste premi dersom doms-nemndi finn, at ikkje nokon av dei innkomne stykke er verd denne premi.

Møtelista for april 1920.

Fraa styremøte 19/3.

Torsdag 1/4 ikkje møte (skirtorsdag).

— 8/4 *Foredrag av provst Gjerløw.*

— 15/4 *Upplesing av Kari Arnestad og Eldbjørg Mjaanes. Songarlaget „Njerd“.*

— 22/5 *Foredrag av høgskulelærer Svello. Mannskoret.*

— 29/4 *Leikemøte.*

*

12 søkjarar vart godkjende til opp-taking.

*

Det vart vedteke aa senda helsingstelegram til „Ervingen“s 20-aarsdag.

»Ervingen,“ Bjørgvin,

heldt 20-aarshøgtid laurdag 20. mars. Ervingen er det nesteldste av bondeungdomslagi i byarne. Bondeungdomslaget i Oslo var 20 aar ifjor.

„Ervingen“ hev gjennom desse 20 aar gjort storveges arbeid. Innetter som utetter hev laget vunne seg vyrndad, og den norskynde bondeungdomen hev her funne seg ein kjær samlingsstad. I 1915 fekk laget seg eige hus „Gimle.“ Det hadde fyrr drive eitpar kaffistovor i leigd hus. No hev laget atter kjøpt ein eigedom, Haakonsgata 39, som skal yvertakast 1ste mai. Laget hev havt gode innkotur av lagsbruki sine, men so hev dei ogso ytt overlag mykje til arbeid som

samstavar med fyremaali til laget. Det er uraad aa nemna alle dei tiltak „Ervingen“ hev gjeve tilskot til. Innan laget er mange serlag t. d. spellag, songarlag, tvo saumarlag, tvo idrottslag og fleire. Laget hev aarlege maalskeid og leikeskeid. Boksamlingi til laget er paa mange hundrad band. I 1903 gjekk „Ervingen“

saman med Vestmannalaget og skipa Det vestlandske maallag.

Fraa „Ervingen“ er losje Heim av I. O. G. T. og Bondeungdomslaget i Bjørgvin vokse fram. Laget held no paa og samlar pengar til ein heim for landsungdom.

Formann for laget er no Kr. *Hvidsteen*.

Skal De hava Dykk kaffi og mat

so gaa innum paa

Matstova eller **Kaffistova**

Øvre Holmegata

Østervaag 25

Skrivesaker ◀ Avisor ▶ Telefon

SYMASKINER
STRIKKEMASKINER
BARNEVOGNER og
SYKLER

BEDST OG BILLIGST I

MASKINHUSET

(INDEH. THORVALD VEIRE)
BREDGATEN 9



Gjev gaum!

Største og finaste utval i
**raamelistur, ovale
gullspeglar og raamur**
Innraaming av bilæte

M. Andreassens

raameverkstad : Ø. Holmegt. 25
Telefon 1469

H. V. AURDAL

EKSPORT :: IMPORT - - - - en gros
AGENTUR :: EIENDOMSFORRETNING

Telefon 557.

Telegramadr.: „LAGER“.

|||||
A. J. Sømme

— SKRÆDDER —

Nedre Strandgt. 8 II

Telefon nr. 2264.

|||||

SIGURD SØMME & Co.

SNEDKERFORRETNING

:: BADEHUSGATEN 2 — STRØMSTENEN ::

Telefon 3086

||||| **Spesialitet:** |||||

Dører, Vinduer & Trapper

1ste Kl.s Arbeid

All ny literatur

John Larssen

Bokhandel
Kirkegaten 11

Jakobsens Magasin

- Nygaten 5 -

Byens største
utvalg i :: ::

Galanteri- & korteverer.

Sort hyldebærsaft

utmerket middel
- mot gift -

faaes hos

BERNT PEDERSEN & Co.

Nygaten 16 :: Stavanger

**NORSK ELEKTRISK
& BROWN BOVERI**

KIRKEGATEN 39
STAVANGER

**ELEKTRISK MATERIEL
ELEKTRISK UTSTYR**

*Ingen presenter
pryder og pynter
som blomster fra
Blomsterhallen*

Alf Solheim

Østervaag 24

— — —
PAPIRFORRETNING
RAMMEVERKSTED

Lagsfolk! husk

at **musikinstrumenter**
strenger, noter og filbehør
kjøper De i

Erling Næss Musik-
handel Hjørnet Nygaten-Østervaag
Myhres murhus ∴ ∴ ∴

R. G. Klovning

Breidgata 20 ∴ ∴ ∴ ∴

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn
SNØROR - TOGVERK
OLJEKLÆR.

BRØDRENE MAG

Nygaten 48

∴ ∴ ∴

Telefon . 937
Butikken . 3083

**Malervare- og
jernvareforretning**

Telefon 102

A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

Bygm. Emanuel T. Aspelund

Telefon 3161
TJENSVOLD

Alt Tømmer- og Indrednings-
arbeide utføres.

Tegninger og Overslag leveres.

Jonas Jørstad

Bokhandel
TIME paa JÆREN

*Send eit brevkort og det De ynskjer
vil verta tilsendt!*

PETROLEUMSLAMPER
STENTØI & GLÅS

I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

S. GITLESEN

:: :: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::

G. Hellstrøm & Co.

Guldsmedforretning

Stavanger

Hjørnet av Kirkegaten og Øvre Holmegate
(ret overfor Matstova)

Telefon 186

GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

Løna med fleire medaljor

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon
727 k

MURMESTER

AKSEL NJAA

Bygningsartikel-
forretning

STAVANGER

Telefon 885 - 2485

Kjøp og bruk alltid

Johs. Mælands
hermetik & ansjos

som nu har vundet

:: indpas overalt ::

HELCO Sigarfabrikar

grunna for yver 150 aar sidan

er verdskjende for skuld deira sers gode sigarar til rimelege prisar.

Kvar kassa er merkt *HELCO*.
Kjøp Helco-sigarar ein gong, so
kjem De til aa røykja berre Helco.

HELCO-sigarar er til sals hjaa dei fleste tobakshandlarar i Stavanger.